

*Tenn lys!
Et lys skal brenne
for denne lille jord.
Den blanke himmelstjerne,
der vi og alle bor.
Må alle dele håpet
så gode ting kan skje.
Må jord og himmel møtes.
Et lys er tent for det.*

Velsigna høgtid!



Kjekt på T-dag

Side 10-11



Hallo-venner

Side 9



Ny gravplass

Side 5

UTGJEVAR Fjell sokneråd

Kyrkjeblad for Fjell kjem ut 5 gonger i året og kostar kr 150,- pr. år. For utanbygds: kr 200,-.

Bankgiro, Kyrkjebladet
8580.14.09461

Bankgiro, Fjell sokneråd
8580.14.09453

Ansvarleg redaktør
Annlaug Børve

Redaktør og grafisk design
Margit Liljan Apelthun

Trykk
Bodoni AS

Forsidebilde
Landro kyrkje

Kyrjekontoret
Postboks 184,
5342 Straume

Telefon
55 09 74 40

Epost
post.kyrkja@fjell.kommune.no

Besøksadresse
Tytebærbrekko 2, «Temahuset»

www.fjell-kyrkjelyd.no



Lys i mørket

No er vi her igjen. Butikkane har alt funne fram julelysa som glitrar og lokkar oss til kjøpefest, med stadig nye kreative forslag til julegåver til far og mor, søster og bror ... og ikkje minst alle barna og barnebarna, og så bestemor og bestefar og så må ein ikkje gløyme «gamla-tanto».

Mange sukker og tenker at det var no altfor tidleg å starte med julepynt allereide i november. Nokre av oss meiner at juleutstillingane burde ein vente med til 1. søndag i advent. Men handelstanden har sin eigen agenda. Vi får giroar i postkassen der ulike organisasjonar spør om vi vil bidra til det eine gode prosjektet etter det andre. Og alle vil meine at dei bidreg til å få fram det gode i oss, med omtanken vi legg i gåvene vi kjøper, og gåvene vi gir til dei fattige.

Nokre vil også i år «okke» seg over at det blir for mykje «kommers» og pengemas i juletida. Andre vil skryte over kor flotte og dyre julegåver dei kjøper til sine. Det vil få atter andre til å skryte over kor billig dei kom ifrå heile julehan-

delen. Og for ikkje å gløyme dei som lagar gåvene med eigne hender. Jau, vi er her igjen, og alt er som det plar. Det har sin eigen sjarm.

Det er noko med denne juletida som lokkar fram i oss ein ettertanke og nokre spørsmål. Kva er viktig i livet? Kva er viktigast?

Vi har spurt nokre fjellsokningar om kva adventstida og julehøgtida betyr for dei, og kva som er viktig i deira juletradisjonar. Det kan du lese om på side 4.

På side 6 er vi innom eit alvorleg tema, nemleg korleis vi kan verkeleg sjå dei barna som har det vanskeleg.

Men om ettertanka får oss til å bli alvorleg, er juletida likevel fylt med von og glede.

På side 8 kan du få med deg dei mange kyrkjemusikalske arrangementene som går av stabelen i denne søte juletid. Og på dei påfølgande sidene finn du informasjon om mange arrangement og aktivitetar for barn og unge.

Vi ønskjer våre lesarar ei god lesestund og ei riktig god jul. **MLA**

INNLEVERINGSFRIST for annonser og kunnjingar til neste utgåve av Fjell kyrkjeblad: **20. januar.**

Ei gåve til Fjell kyrkje

Fjell Kyrkje har motteke ei gåve frå slektningane etter Sofie og Ingvald Eide frå Kolltveit.

Sotra Reviderte

Sotra Reviderte held fram med Mozarts Requiem ilag med kor frå Bjørgvin Kyrkjesongforbund.

Laurdag 7. mars kl. 17.00
Foldnes kyrkje.

Søndag 8. mars kl. 17.00
Åsane kyrkje.

Entré.
Velkomen!

4 solistar frå Griegakademiet.
Musikk: Markus Malmgren - orgel (frå Sibeliusakademiet/Finland)
Dirigent: Gro Anthun.

Fjell kyrkjelyd takkar. Gåva er eit stort brodert englebilet som er innramma.

Ho som broderte bilete heitte Marta Olina Larsen (født Trengereid), vart fødd 3. juni 1895. Marta var yngste dottera til Kristi Jacobsdotter (f. Telnes) og Jakob M. Trengereid, og systera til «Trengereid-presten». Marta er døypt og konfirmert i Fjell kyrkje. I 1928 var ho ferdig utdanna sjukepleiar og arbeidde som menighetssøster i Fjell. Marta og mannen Lawrence M. Larsen fekk ein son, Terje, som er busett i Fjell.

Biletet vart brodert i den tida Marta sat ved sjukeleget til Sofie Eide, som døydde i 1940, berre 44 år gamal. Ho gav det til familien til Sofie. Bilete hang i bestestova i heimen til Ingvald på Kolltveit, heilt til han døydde i 1963.



Dei neste 50 åra har englebilet pryda heimen til dottera, Solveig Ingvarda, som budde på Austlandet. Ho døydde i 2013 og er gravlagd ved Fjell kyrkje. Etter dette tykte slekta på Kolltveit at kyrkjelydssalen på Fjell var ein verdig stad å hengja dette vakre broderiet.

Av Ingalis A. Malmø

Gutten som ville varme Jesusbarnet

Juleevangeliet handler om Jesusbarnet. *Evangelium* betyr «det glade budskap». Et barn er født. Men hva er egentlig det evangeliske i fortellingen om Jesusbarnet? Jeg vil dele en historie om hvordan en liten gutt reagerte da han fikk høre juleevangeliet for første gang.

To amerikanske lærere var invitert av det russiske utenriksdepartementet for å undervise på forskjellige skoler og institusjoner i landet. På et barnehjem opplevde de noe helt spesielt som ingen av dem har glemt. Blant de hundre forsømte og misbrukte barna får de et uforglemmelig møte med en av de små guttene. Siden det var jul, skulle de fortelle juleevangeliet til barna.

Både ansatte og barn satt dypt konsentrert og lyttet til fortellingen om Josef, Maria og det lille Jesusbarnet som ble lagt i en krybbe. Noen av barna satt ytterst på stolen som om de var redde for ikke å få med seg hvert eneste ord. Etterpå fikk barna i oppgave å lage sin egen stall av papp. Til høy i krybben fikk de gule serviettstriper. Barna arbeidet ivrig med oppgaven de hadde fått, mens lærerne gikk rundt for å se om noen av barna trengte hjelp.

Den ene av dem forteller at da han kom bort til lille Misha som var omtrent seks år gammel, oppdaget han at det var to babyer i krybben. Da spurte han hvorfor han hadde to babyer i krybben. Selv om Misha ikke var så gammel, og bare hadde hørt juleevangeliet en gang, gjen tok han det neste ordrett – til han kom til stedet der Maria tar og svøper Jesusbarnet og legger barnet i krybben.

Da forteller Misha: «Og idet Maria la Jesusbarnet i krybben, så Jesus på meg



og spurte om jeg hadde et sted å være. Jeg fortalte at jeg verken hadde mamma, pappa eller noe hjem. Da sa Jesus at jeg kunne være hos ham. Jeg svarte at det kunne jeg nok ikke. Jeg hadde nemlig ikke med noen gave, som alle andre. Men fordi jeg hadde så fryktelig lyst å være hos ham, prøvde jeg å komme på noe jeg kunne bruke som gave. Så jeg spurte Jesus: «Om jeg holder deg varm, vil det være god nok gave?» Og Jesus svarte: «Dersom du holder meg varm vil det være den beste gaven jeg noen gang kunne få.»

«Så jeg krøp opp i krybben sammen med Jesus, og han fortalte meg at jeg kunne være hos ham for alltid», avsluttet Misha.

Da den lille gutten var ferdig med å fortelle, brøt han sammen i gråt. Tårene rant og rant. Han tok og gjemte ansiktet i begge hendene sine, mens hele kroppen ristet av gråt. Hulkende la han hodet sitt mot bordplaten.

Fortelleren sier det slik: «Den lille foreldreløse gutten hadde funnet en venn som aldri ville svikte ham, men som alltid ville være hos ham. Den dagen lærte jeg at det ikke er *hva* du har i livet som teller, men *hvem* du har.»

Dette er juleevangeliet, at himmelens Gud, han som skapte Sjustjernen og Orion, kom til jorden og ble en venn for en liten gutt på seks år.

Jesus kom for å tenne håp i hjertet til alle som har fått livet floket til, og kan trenge en venn fra himmelen.

«Det var noen gjeterne der i nærheten som var ute på marken og holdt nattvakt over flokken sin. Med ett sto en Herrens engel foran dem, og Herrens herlighet lyste om dem. De ble overveldet av redsel. Men engelen sa til dem: «Frykt ikke! Se, jeg forkynner dere en stor glede, en glede for hele folket: I dag er det født dere en frelser i Davids by; han er Messias, Herren. Og dette skal dere ha til tegn: Dere skal finne et barn som er svøpt og ligger i en krybbe.»

Med ett var engelen omgitt av en himmelsk hærskare, som lovpriste Gud og sang: «Ære være Gud i det høyeste, og fred på jorden blant mennesker Gud har glede i!»

Da englene hadde forlatt dem og vendt tilbake til himmelen, sa gjeterne til hverandre: «La oss gå inn til Betlehem for å se dette som har hendt, og som Herren har kunngjort for oss.» Og de skyndte seg av sted og fant Maria og Josef og det lille barnet som lå i krybben. Da de fikk se ham, fortalte de alt som var blitt sagt dem om dette barnet. Alle som hørte på, undret seg over det gjeterne fortalte. Men Maria tok vare på alt som ble sagt, og grunnet på det i sitt hjerte. Gjeterne dro tilbake. De lovet og priste Gud for alt de hadde hørt og sett; alt var slik som det var sagt dem.»

Lukas 2, vers 8-20.

Velsignet jul!

Av Margit Liljan Apelthun

innhold

Side 4 Advent og julehøgtid

Side 5 Vigsling av ny gravplass

Side 7 Kyrkjelydens misjonsprosjekt

Side 8

Side 10-11

Side 12

Kyrkjemusikk

T-dagane

Gudstenesteoversikt





Julestemning og juleminner

Kyrkjebladet har spurt nokre fjellsokningar om deira tilhøve til den tradisjonsrike tida vi er inne i.

1. Kva betyr adventstida og julehøgtida for deg?

2. Har du eit juleminne å dele som betyr noko spesielt for deg?



Eva Lotsberg, Fjell gard

Eva Lotsberg, Fjell gard, pensjonist (92), tidligere lærar og kyrkjelydssekretær i Fjell

1. Eg er nøye med å markere advent. 1. søndag i advent markerer eg med lesing, lys og farge. Eg bruker alltid fiolett. Julefargane ventar eg med til litle julaftan. Advent handlar om førebuing til noko som kjem, - julehøgtida. Den betyr først og fremst at Jesus kom til jorda for vår skuld, og tok på seg å sona for oss. Eg tenker alltid framover mot påske, sjølv om det er jul – det heng jo saman. Utan påske hadde vi ikkje hatt jul, og utan jul hadde vi ikkje hatt påske.

2. Då eg var lita brukte mormor og morfar å kome til oss i jula. Det var så gildt. Eg var veldig knytta til mor sine foreldre, - mormor spesielt. Dei budde i Haugesund og vi budde i Stavanger. Vi kunne ikkje reisa til dei fordi far var organist og måtte jobbe i jula. Vi var alltid i kyrkja 1. juledag. Det var spesielt fint. Far var østlending og likte ikkje fisk. Men vi brukte ikkje ribbe heller. Julemiddagen i vår heim var noko vi kalte «benløse fugler». Det er karbonadedeig med bacon i midten, som vi rulla saman og steikte. Retten var riktignok «benløs», men altså ikke fugl.



Eli Årdal Berland, Ågotnes (Vestsida)

Eli Årdal Berland, Ågotnes, ordførar i Fjell

1. Adventstida for oss var annleis enn den er i dag. Vi pynta ikkje med lilla lys og slikt. Men det var ei førebuingstid med julebakst og julemat. Lukt av smultringar og sirupssnipper er julelukt. Vi laga ein annan type mat enn ellers i året. Det har eg tatt med meg. Kvar advent set eg av tid til å bake julekaker med barnebarna.

2. Då eg vaks opp i Jølster var det ikkje alltid gudsteneste på julaftan. Men noko vi alltid gjorde, var å gå ut på trappa for å høyre på då kyrkjeklokkene ringte helga inn. Då var det jul. På Vestsida der eg bur kan eg ikkje høyre kyrkjeklokkene, men sonen min bur på Straume, og der høyrer vi klokkene frå Foldnes kyrkje. Eg minnes at det alltid var snø i jula. Og vi spelte alltid julemusikk i radioen på julaftan. «Det lyser i stille grender» og «Deilig er jorden» høyrde med.

Etter at eg vart ordførar dreg eg kvar julaftan formiddag rundt på visitt på institusjonane. Det er kjekt, og når eg kjem heim igjen, - då er det jul. 2. juledag er det alltid familiebesøk. Det er kjekt at neste generasjon er opptatt av å føre familietradisjonane vidare.



Runar Fridtjof Sæle, Spjeld

Runar Fridtjof Sæle, Spjeld, teologistudent

1. Jula betyr det samme for meg som for mange andre, - det er favoritt-høgtida med alt kjekke som følger med. Ikkje minst så har vi bodskapen om at Jesus blei født og Gud inkarnert. Det er ein invitasjon frå Gud der han opprettar fellesskap med oss.

2. Dei beste minnene frå jula var at vi fekk sitje oppe til langt på natt og leike med gåvene vi fekk. I mange år ønskte eg meg lego til jul, og då kunne eg sitje utover natta og bygge lego-borg og lego-bil, heilt til eg ikke orka meir. Eg sov lenge dagen etter, og fekk aldri med meg så mykje før middag på 1. juledag. Og så spelar vi alltid sjakk i jula. Sjølv sagt med livet som innsats. Eg minnest spesielt eit år eg fekk eit nytt sjakkbrett på julaftan. Då vi hadde spelt sjakk i to dagar, vann eg omsider over storebroren min. Eg blei så glad over at eg endelig klarte å vinne, at dette vart sitjande att som eit godt minne. Men samstundes blei dette ein 2. juledag som gjorde eit varig inntrykk, fordi dette sjakkslaget enda ikkje før sjakkbrettet havna i ovnen og blei brent opp. Då lærte eg alvorret i sjakk.

Ny kyrkjegard vigsla

Med Guds ord og bøn vart den nye kyrkjegarden ved Kleivane vigsla av prost Erling Kopperud, etter gudstenesta på allehelgenssundag.

Nye Kleivane gravplass har plass til om lag 550 kistegraver og rundt 220 urnegraver. Arbeidet med gravplassen tok til på seinsommaren 2013, og kostnadsramma er 27,9 millionar kroner. Det nye gravfeltet vart vigsla berre eitt år etter den nye kyrkjegarden ved Foldnes kyrkje.

Fred og ettertanke

– Ved Guds ord og bøn er den nye gravplassen helga til ein kvilestad for dei som har sovna inn og til ein stad for fred og ettertanke for oss som enno lever, sa Kopperud, som i vigslingtalen hadde tekst frå då Jesus vekke opp Lasarus. Kopperud avslutta med å erklære: – Fred vere over denne gravplassen til oppstodedagen! I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

Som ein park

Ordførar i Fjell, Eli Årdal Berland var tilstades og takka Fjell sokneråd for godt samarbeid.

– Det har vore ein del utfordringar undervegs, men resultatet er ein vakker og godt utforma gravplass vi kan vera stolte av. Plassen er blitt som ein park, og vi har fått ein verdig stad for menneske i sorg, sa ordføraren.

Takk til Gud

Soknerådsleiar Dag Olav Bjørøy takka entreprenøren Sartor Maskin og arkitekt Akasia for ein fantastisk innsats.

– Steinbrua over bekken, og fleire små detaljar hevar anlegget, sa Bjørøy.

Han retta ein stor takk til Fjell kommune som ikkje berre har betalt gildet, men tok også på seg prosjektansvaret.

– Men den største takka går til Gud, for det er Han som har stått bak det heile, sa Bjørøy.

Av Margit Liljan Apelthun



Foto: I. A. Malmo



Frå vigslinga: F.v. soknerådsleiar Dag Olav Bjørøy, fung. sokneprest Bjarte Nese, ordførar Eli Berland, prost Erling Kopperud og prosjektleiar Erik Milde frå Fjell kommune. Foto: M. L. Apelthun

Foto: M. L. Apelthun



Foto: MLA



En oppvekst varer livet ut

Ett av ti barn lider under at foreldrene drikker, ruser seg eller har psykiske problemer. For disse barna er det avgjørende å bli sett av trygge voksne.

Dette er et aktuelt tema, ikke bare nå rundt juletider, men året rundt.

Tallet kommer frem i en rapport fra Folkehelseinstituttet fra 2011. Sannsynligheten for at du kjenner til ett eller flere av disse barna er stor.

Mange tror det er lett synlig om et barn har det vondt, men det kan være vanskelig å vite hvordan et barn har det hjemme basert på adferd eller utseende. Sårbare barn vokser opp i alle samfunnslag og alle typer familier.

Fra forskning vet vi at det er av stor betydning for et barns framtid å bli sett av en voksen. Å bli sett er menneskets mest grunnleggende følelsesmessige behov. Å bli sett er en viktig beskyttelsesfaktor i et sårbart barns liv.

Veiledning til livredning

Blå Kors har utviklet en enkel veileder som forteller deg hva du kan gjøre ved bekymring for et barn. Veilederen finnes på jegser.no.

– Gjennom en enkel femtrinns veileder vil vi gi voksne mulighet til å være den som bryr seg, når magesfølelsen sier at man bør, sier Jan Elverum, generalsekretær i Blå Kors.



Sårbare barn er som andre barn – forskjellige.

Barn som lever i sårbare hjem er ofte flinke til å gå inn i roller, tilpasse seg omgivelsene og skjule hvordan det står til hjemme. Vi finner sårbare barn i alle samfunnslag, i bygd og by, og i alle typer familier.

Det kan være vanskelig å vite sikkert hvordan et barn har det hjemme basert på atferd. Derfor bør man ikke la symptomene alene styre om man gjør noe for barnet. Er du bekymret for et barn bør du gjøre noe for det, uansett!

Et barn som har det vanskelig hjemme kan være:

– Snilt, stille, pliktoppfyllende og ansvarlig, nesten så vi ikke legger merke til han eller henne.

– Utagerende, urolig, tester grenser, nesten så det er umulig å overse han eller henne.

– Kan være flink til å få folk til å le, til å trives.

Noen vanlige symptomer på at barnet ikke har det bra:

– Mangel på mimikk, tristhet, motorisk uro, følelsesmessig ustabilitet, konsentrasjonsproblemer.

– Dårlig eller skittent tøy, manglende matpakker, dårlig med oppfølging fra hjemmet i forhold til skole/fritid.

– Samspillet mellom barnet og foreldrene kan vise at hjemmeforholdene ikke er greie.

Julefest i kyrkja


Dei årvisse julefestane i dei tre kyrkjene våre vil bli arrangert den første helga i det nye året.

Fjell kyrkje, 3. januar kl. 16.00

Foldnes kyrkje, 4. januar kl. 16.00

Landro kyrkje, 4. januar kl. 16.30

Vel møtt!



Salme-maraton på NRK

Fredag 28. november er det startskot for salme-maraton på NRK.

Alle dei 899 salmane i salmeboka skal syngast på direktesendt tv.

Sendinga vil gå i eitt på NRK2, frå kl. 12 på fredag til rundt midnatt søndag den 30. november.

– Ambisjonen er å lage ein liten folkefest kor folk er, enten dei møter opp i kyrkja og utescener rundt om i landet, eller sit i tv-stova og deler tankar via sosiale medier, fortel Odd Rune Wolden frå NRK til kyrkja.no. Han er ein av to programleiarar for tv-sendinga. Saman med Camilla Tjønn Thingvoll, skal han leia sendinga frå start til slutt.

- Eg håpar det blir ei adventshelg som folk kjem til å hugse, seier Camilla.

- Det er ei stor ære å få lov å vere med å leie ei slik sending. Mange menneske har eit nært forhold til salmeboka, så dette er eit prosjekt eg har stor respekt for, seier ho.

Salmesendinga er ein stor produksjon. 899 salmar, 180 kor og solistar og 60 timar tv-sending utan stans. Frå NRK er det totalt 50 personar involvert under sendinga.

Søndag 30. november deltek Sotra Reviderte frå Fjell i NRK-sendinga frå Bergen. RED.

Fjell kyrkje rundar 140 år

Fjell kyrkje rundar 140 år denne hausten.

Fjell kyrkje vart vigsla av biskop Birkeland den 28. august 1874. Det sto i ettertid skrive i kallsboka: «Kirken erklæres for en av de skjønneste Landskirker i riket». Lenge var ho og mellom dei største landskyrkjene på Vestlandet. Fjell hadde hatt ei kyrkje som vart omtala som eit «skrøpelig og hæslikt Gudshus». Då nye kyrkja sto ferdig sto den gamle framleis ved sida av, så det var lett å samanlikne.

Kyrkja vart formelt overteken av kommunen i «Representantmøte» den 17. september same år.



Fjell kyrkje, 140 år gamal.

Kyrkjebyggaren

Kyrkjebyggjaren Ola Eilifson Syslak, som bygde så mange vakre gudshus på Vestlandet, vart fødd i 1811. Han vaks opp på garden Gaulen på Syslak i Lindås.

Det var vanleg på den tid at bondegutar dreiv med bygningsarbeid. Det gjorde Ola også. Han hadde gode an-

legg og vart særskild dugande i faget, og fekk vere med å bygge kyrkje i Stavanger. Den fyrste kyrkja han vart spurt om å byggja sjølv var i Haugesund i 1856. Då han vart spurdt var han smålåten og drog på det. Men dei frå Haugesund sa: – Har du bygd kyrkje i Stavanger og der ikring - kan du byggja for oss og! Slik vart det. Han hadde

mange flinke menn frå Lindås med på laget. Så bygde han kyrkja i Eivindvik, så i Lindås - før han og arbeidslaget kom her til Fjell. Han var ikkje berre ein dugande kyrkjebyggjar, men og særskild samvitsfull i sitt arbeid og ein omtykt mann. Stundom kom han ikkje ut med byggjesummen, men då bar han tapet sjølv. Arbeidarane fekk si løn. Her i Fjell vert det fortalt at kyrkja og vart mykje dyrare enn anbodet som var gitt. Fjell kommune og ein einstemmig kyrkjelyd ville ikkje at Syslak skulle stå att som ein ruinert mann, så han fekk betalt ekstra.

Sidan bygde han kyrkja i Vik i Sogn og til sist Solheim kyrkje i Masfjorden. Her bygde han prestegarden også.

Kyrkjebyggjaren Ola Eilifson Syslak døydde i 1892 og er gravlagd på kyrkjegarden ved den vakre Lindås kyrkje, ei kyrkje som han eingong hadde reist for bygda si.

Av Ingalis A. Malmø

Ekstraordinær støtte til kristne i Midtøsten

Den kristne kirken i Midtøsten opplever en håpløs situasjon og trenger støtte.

Fra Den norske kirkes ledelse gikk det ut en oppfordring til menighetene om et ekstraordinært offer til Den evangelisk-lutherske kirke i Jordan og «Det hellige land» som innbefatter Israel og det palestinske selvstyreområdet.

«Sommerens tragiske krig i Gaza, den spente situasjonen i Øst-Jerusalem og mangelen på håpsteget når det gjelder politiske løsninger, gjør at situasjonen nå oppleves som desperat for kristne palestinere», het det i oppfordringen.

Situasjonen er nå så alvorlig at kirken må selge eiendom for å overleve. Den

lutherske kirken har akutt behov for vår forbønn og økonomiske støtte! heter det i et e-brev som ble sendt til menighetene 20. oktober.

Den evangelisk lutherske kirke i Jordan og «Det hellige land» sendte nylig et brev til sine samarbeidspartnere, deriblant Den norske kirke, hvor man innstendig ba om støtte. Flere steder i Midtøsten står gamle kristne lokalsamfunn i fare for å forsvinne. I Jesu fødeby, som har hatt en stor kristen befolkning, forlater nå kristen ungdom hjembyen og drar til Vesten for å skaffe seg utdanning, arbeid og bedre levekår.

Den norske kirkes lutherske søsterkirke i Jordan og «Det hellige land» har nå bare omkring 2000 medlemmer, fordelt på seks menigheter. www.kirken.no





Vi syng jula inn!



Søndag 14. og søndag 21. desember syng vi jula inn i Landro, Fjell og Foldnes kyrkje.

Dette blir ein dag for heile familien til å kome i julestemning. Lokale aktørar, korps og kor deltek, og det blir servert julelogg etter arrangementet i både Landro og Fjell.

Det vert ikkje krevd inngangspengar, men det blir mogelegheit til å gje kollekt som går til musikkverksemda i Fjell sokn.

Først ut er Landro kyrkje der vi syng jula inn allereide søndag 14. desember kl. 17.30. Her vil Sotra Vest skulekorps

medverka, saman med Nordre Fjell barne- og tweenskor med familiar. Det blir også andre lokale aktørar og allsang for store og små.

Søndag 21. desember kl. 17.30 er det klart for å syng jula inn i både Foldnes kyrkje og i Fjell kyrkje.

Lokale aktørar blir medverkande i Foldnes kyrkje, og det blir allsang for store og små.

I Fjell kyrkje er Sotra Reviderte medverkande saman med Fjell kyrkjebrass og Fjell barne- og tweenskor. Her blir det også allsang for store og små.

Red.



Desember og nyttår

Koret held fram med øving på Mozarts Requiem ilag med kor frå Bjørvin Kyrkjesongforbund. Sjå eigen annonse.

Viktige datoer i advent:

Søndag 30. november: Sotra Reviderte tek del i NRK si sending «Salmeboka minutt for minutt» med sending frå Bergen på føremiddag.

Tirsdag 16. desember kl. 20.00: Julekonsert i Fjell kyrkje.

Søndag 21. desember kl. 17.30: «Vi syng jula inn» i Fjell kyrkje.

1. juledag kl. 12.00: Høgtidsgudsteneste i Fjell kyrkje.

Vokalensemblet Sotra Reviderte
For alle som vil syngje i a-capellakor, tysdagar kl. 19.00-21.30.

Vil du vere med i Sotra Reviderte?
Du er hjarteleg velkomen!

Ta kontakt med:
Styreleiar Jarle Hauge, 482 84 287
Dirigent Olav Sørheim, 926 15 988

Frydefull og fredfull førjul

Lørdag 6. desember kl 20.00 blir det musikalsk fryd og fred i Foldnes kyrkje.

Da inviterer vokalgruppen Bless til julekonsert sammen med artist Solveig Leithaug fra Frekhaug. Solveig bor til vanlig utenfor Nashville i USA, mens Bless har øvingsbase på Bildøy. Solveig er kjent som en glitrende singer-songwriter og gitarist. Bless synger mest a capella, og har altså stem-



men som sitt instrument. Konsertartistene har ikke samarbeidet tidligere, likevel er det lett å finne sammen, både musikalsk og i ønsket om å formidle julens innhold.

Bless arrangerer kon-



serten, og gleder seg stort til å syngje sammen med Solveig!

Et pusterom i hverdagen

23. januar 2015 kl 20:00 ønsker koret divisi å skape et «pusterom» i Fjell Kirke.

Konserten i Fjell Kirke er en del av en turné hvor koret arrangerer konserter i tre ulike kirker i Hordaland; Fjell Kyrkje på Sotra, Norheimsund Kirke og Erdal Kirke på Askøy. I løpet av turnéen vil koret syngje mest fra eget repertoar, men

også enkelte ledd fra Steve Dobrogosz' messe. Turneen er en fortsettelse av korets prosjekt «Pusterom» som ble startet i november 2014, da med konserter i Haugesund, Os og Bergen. Koret divisi, som i fjor hadde 30 årsjubileum, består av 30 erfarne sangere fra hele Sør-Norge. Anders Berglund er dirigent og musikalsk ansvarlig.



Advents- fest for ungdom

Midt i desember vert Fjell kyrkje fylt av lukta av festpynta ungdom (store mengder parfyme...), tapas, tende ljøs og spenning. Tradisjonar skal vi ikkje tulle med og adventsfesten er komen for å bli!

Laurdag 13. desember kl 1900 vert det difor stettglass og pynt, underhaldning, andakt, minst ei runde Muffin Man og intimkonsert inne i kyrkjerommet til avslutning. Men; kven skal lese «Snekker Andersen og Julenissen» i år? Du MÅ koma for å sjå og høyra!

Adventsfesten er for alle frå 8.klasse og oppover. Det er gratis, men man må ta med seg noko mat til å dela med dei andre. Påmelding til Maria Tveten (maria.tveten@fjell.kommune.no/45063016) eller på facebook.

Tweens- klubben

I fjor var kyrkjelydssalen proppfull av unge når vi feira at vi no snart går inn i adventstida. I år er det adventsfest allereie no **28. november kl 1900-2130** og påmelding skjer til Maria Tveten (45063016). Gå ikkje glipp av adventsfesten!



Det er Metodistkirken på Sotra og Landro kirke, som sammen med flere menigheter på Sotra, arrangerer HalloVenn-festen. Foto: Brynhild Eide

800 barn på HalloVenn-fest i Ågotneshallen

For tredje år på rad arrangerte Landro kirke og Metodistkirken på Sotra «HalloVenn Sotra» på selveste Halloween-kvelden. For tredje gang ble forventningene mer enn innfridd!

800 lykkelige barn, unge og voksne fylte Ågotneshallen til randen da HalloVenn, Norges største vennefest, igjen ble markert på Sotra.

Programmet i år bestod av konsert med Team Sulebakk og et barnekor satt sammen av 70 sangere fra hele Sotra, mange aktiviteter og snop.

Under mottoet «Det du vil andre skal gjøre mot deg, skal du gjøre mot dem» var det stor stemning og stormende jubel i hallen. Ekstra stas i år var det at keeperen Martin Sanchez Olsen fra 1. divisjonslaget Nest Sotra troppet opp. Han stilte seg til rådighet og ga alle barn som ville, muligheten til å score mål på han. Etterpå var det signering av autografer; en flott gest av en populær keeper.

Positivt alternativ

HalloVenn er et positivt alternativ til Halloween-feiringen og en unik mulighet til å skape vennskap.

HalloVenn-festene legger til rette for at barn kan gjøre noe positivt og gøy sammen. Målet er blant annet å skape en felles arena som kan bidra til å skape toleranse og vennskap. Visjonen er at HalloVenn Sotra sammen med 30.000 andre HalloVenner over hele Norge, kan bidra til å gjøre Norge til et bedre sted å leve. Det er Landro kirke og Metodistkirken på Sotra som, sammen med flere menigheter på Sotra og støtte fra det lokale næringslivet, har arrangert HalloVenn Sotra disse årene.

Gleder seg til neste år

Responsten på årets arrangement har ikke latt vente på seg. En mamma tok kontakt dagen etter og sa «Supert opplegg på HalloVenn. Alle mine tre storkoste seg. De gleder seg allerede til neste år.»

Av Vetle Karlsen Eide

T10 - Bibelen

Når: Planleggingsdagen 7. november

Kvar: I og rundt Foldnes kyrkje

Kven: 52 femteklassingar, mange vaksne og ungdommar som hjelpte til – og 150 sysken og foreldre til mid-dag og T10-finale!

Tema: Bibelen! Med tema-bibelordet frå Salme 119:105: «Ditt ord er ei lykt for min fot og eit lys for min stig».



T1+ Julevandring

Alle som er fødde i 2013, med foreldre/fadrar, er hjarteleg velkomne til **T1+ julevandring i kyrkjene våre**. Det blir først ei kort, men stemningsfull, «vandring» i kyrkjerommet, der både store og små får oppleve julehistoria med alle sansar. Etterpå blir det kaffistund i kyrkjelydssalen. Hugs påmelding!

T1+ julevandring skjer i alle dei tre kyrkjene:

Foldnes kyrkje: Tysdag 2. desember kl. 16.30-17.45

Landro kyrkje: Onsdag 3. desember kl. 16.30-17.45

Fjell kyrkje: Torsdag 4. desember kl. 16.30-17.45



Velkomen til T-dagar i vårsemesteret

- Påmelding til og info om alle T-dagane finn du på www.t-dagen.no eller på tlf. 55 09 74 40. Spør etter Rannveig, Elisabeth eller Astrid.
- Vi er glade for tidlege påmeldingar, med tanke på grupper, leiarar og servering.
- Trusoplæringa i Fjell er for alle, uavhengig av funksjonsnivå. Ta kontakt ved særskilde behov.
- Vil du sjå fleire bilete? Sjekk www.t-dagen.no

T3 - Advent



Det blir T3-dag laurdag 29. november kl. 11-13.30 i Fjell kyrkje. Temaet er «Advent». Vi skal høyre juleforteljinga, syngje og spele saman, lage noko fint, og ete risgraut. Vi avsluttar med ei flott «myldregudsteneste» i kyrkjerommet. Velkomen!

T2 - Myldredag

Alle som er fødde i 2012, er velkomne til T2-dag laurdag 29. november kl. 15-17.30 i Fjell kyrkje. Temaet er «Størst i Guds rike». Dette skal borna få oppleve på ulike stasjonar i kyrkja, til dømes gjennom forteljing, musikk, sanserom og ein enkel formingsaktivitet. Vi serverer graut og saft. Kort avslutning i kyrkjerommet. Velkomen!



T-dagar 2015

- **T-DAGEN** er den årlege trusopplæringsdagen for barnet og ungdommen!
- **T-DAGEN** er å bli kjent med trua ein er døypt til!
- **T-DAGEN** er viktig for å erfare at vi er ein del av kyrkja!

Påmelding, informasjon og bilete:
www.t-dagen.no



T16,17,18
16.-18. januar: Leiarhelg.

T8 Fredag 6. februar:
Planleggingsdag. Tema:
Gud skapar – vi lagar.



T4 Søndag 15. februar:
i alle tre kyrkjene.
Utdeling av kyrkjeboka
til fireåringane.



T13 Fredag 13. mars:
Tema: **Forsoning – hæl!?!**

T2 Laurdag 21. mars:
Påskevandring.

T15 Laurdag 21. og søndag 22. mars:
Fasteaksjonen.



T9 Onsdag 15. april:
Kunstutstilling i alle tre
kyrkjene. Tema: **Kyrkja mi.**

T5 Torsdag 30. april:
Tema: **Den gode gjetaren.**



T6 2., 3. og 4. juni: **Foldnes kyrke.**
Tema: **Ny start.**

T1 Babysong:
Ein måndag i
månaden.



Velkommen til gudsteneste

Dato	Kyrkjeårsdag	Kyrkje	Kl.	Gudsteneste	Dåp	Prest	Takkoffer/merkn.
23.11.14	Kristi komme søn.	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattv	Haugland	Viken senter Soknemøte
23.11.14	Kristi komme søn.	Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattv	Unneland	Ungdom i Oppdrag Soknemøte
23.11.14	Kristi komme søn.	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp/Nattv	Kopperud	Norsk misjon i Øst Soknemøte
30.11.14	1. søn. i adv.	Fjell kyrkje	11:00	Fam. gudst.	Dåp	Rune Richardsen	Navigatørene
30.11.14	1. søn. i adv.	Foldnes kyrkje	11:00	Fam. gudst.	Dåp	Ekerhovd-Ottersen	Care Norge KM Kluzz gudst.
30.11.14	1. søn. i adv.	Landro kyrkje	11:00	Fam. gudst.	Dåp	Nese	Norsk folkehjelp
30.11.14	1. søn. i adv.	Foldnes kyrkje	18:30	BibelBønLovsong	Nattv	Ekerhovd-Ottersen	Strømmestiftelsen
07.12.14	2. søn. i adv.	Fjell kyrkje	18:00	Lysmesse		Haugland	Studentforbundet
07.12.14	2. søn. i adv.	Foldnes kyrkje	18:00	Lysmesse		Ekerhovd-Ottersen	Bergen Bydiakoni
07.12.14	2. søn. i adv.	Landro kyrkje	18:00	Lysmesse		Nese	Gimlekollen
13.12.14		Fjell kyrkje	08:00	Ottesong med Kulturskulen		Nese	Redd barna
14.12.14	3. søn. i adv.	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp/Nattv	Leif Jarle Theis	Ung Kirkesang
14.12.14	3. søn. i adv.	Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp/Nattv	Nese	Kristent pedagogisk forum
14.12.14	3. søn. i adv.	Landro kyrkje	17:30	Vi syng jula inn		Nese	
21.12.14	4. søn. i adv.	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp/Nattv	Unneland	
21.12.14	4. søn. i adv.	Fjell kyrkje	17:30	Vi syng jula inn			
21.12.14	4. søn. i adv.	Foldnes kyrkje	17:30	Vi syng jula inn			
24.12.14	Julaftan	Fjell kyrkje	14:30	Julaftan		Haugland	Kirkens Nødhjelp
24.12.14	Julaftan	Fjell kyrkje	16:00	Julaftan		Haugland	Kirkens Nødhjelp
24.12.14	Julaftan	Landro kyrkje	14:30	Julaftan		Nese	Kirkens Nødhjelp
24.12.14	Julaftan	Landro kyrkje	16:00	Julaftan		Nese	Kirkens Nødhjelp
24.12.14	Julaftan	Foldnes kyrkje	14:30	Julaftan		Ekerhovd-Ottersen	Kirkens Nødhjelp
24.12.14	Julaftan	Foldnes kyrkje	16:00	Julaftan		Ekerhovd-Ottersen	Kirkens Nødhjelp
25.12.14	1. juledag	Fjell kyrkje	12:00	Høgtidsgudst.	Nattv	Kopperud	Misjonsprosjekt
25.12.14	1. juledag	Foldnes kyrkje	12:00	Høgtidsgudst.	Nattv	Nese	Misjonsprosjekt
25.12.14	1. juledag	Landro kyrkje	12:00	Høgtidsgudst.	Nattv	Haugland	Misjonsprosjekt
26.12.14	Stefanusdag	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp/Nattv	Nese	Åpne dører
28.12.14	Romjul søn.	Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp/Nattv	Ekerhovd-Ottersen	Menighetsfakultetet
31.12.14	Nyårsaftan	Fjell kyrkje	23:00	Gudsteneste		Ekerhovd-Ottersen	
01.01.15	Nyårsdag	Landro kyrkje	12:00	Gudsteneste	Nattv	Haugland	Menighetsfakultetet
04.01.15	Kristi openberring	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp	Nese	Kirkens sosialtjeneste
04.01.15	Kristi openberring	Foldnes kyrkje	11:00	Gudsreneste	Dåp/nattv.	Ekerhovd-Ottersen	
11.01.15	2. søn openb.	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattv	Aannerød	Maritastiftelsen
11.01.15	2. søn openb.	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp/Nattv	Nese	
11.01.15	2. søn openb.	Foldnes kyrkje	18:30	Ung Messe	Nattv	Tveten	
18.01.15	3. søn i openb.	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp/Nattv		
18.01.15	3. søn openb.	Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp	Aannerød	Mental helse
18.01.15	3. søn openb.	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattv		
25.01.15	4. søn i openb.	Fjell kyrkje	11:00	Fam. gudst.	Dåp	Aannerød	
25.01.15	4. søn openb.	Foldnes kyrkje	11:00	Fam. gudst.	Dåp	Ekerhovd-Ottersen	
25.01.15	4. søn openb.	Landro kyrkje	11:00	Fam. gudst.	Dåp	Nese	
25.01.15	4. søn openb.	Foldnes kyrkje	18:30	BibelBønLovsong	Nattv	Ekerhovd-Ottersen	

Med forbehold om endringar i forrettane prest

Vi syng jula inn!

Landro kyrkje,
søndag 14. desember kl. 17.30

Medverkande:

Sotra Vest skulekorps
Familiekor (Nordre Fjell barne-
og tweenskor m. familiar)
Lokale aktørar.
Allsang for store og små.

Det blir servert julegløgg
etter arrangementet i kyrkja.
Kollekt til musikkverksemda i Fjell sokn.

Foldnes kyrkje,
søndag 21. desember kl. 17.30

Medverkande:

Lokale aktørar.
Allsang for store og små.

Kollekt til musikkverksemda i Fjell sokn.

Fjell kyrkje,
søndag 21. desember kl. 17.30

Medverkande:

Sotra Reviderte
Fjell kyrkjebrass
Fjell barne- og tweenskor
Allsang for store og små.

Det blir servert julegløgg
etter arrangementet i kyrkja.
Kollekt til musikkverksemda i Fjell sokn.

**Fjernsynsgudsteneste frå
Foldnes kyrkje i påsken**

Det er no blitt avklart at fjernsynsgudstenestene i påsken 2015 vil bli kringkasta frå Foldnes kyrkje. Palmesøndag og 1. påskedag vil gudstenestene frå Foldnes bli kringkasta direkte på NRK1 og på NRK P1. Gudstenesta Langfredag vil bli teke opp torsdag før palmesøndag (26. mars). Opptaket blir sendt på radio og fjernsyn på Langfredag kl. 11.00.

Dette er eit stort arbeid, men kyrkjelyden ser fram til arbeidet med gudstenestene. Til langfredagsgudstenesta bør vi ha ein kyrkjelyd til stades i kyrkja. Det vil difor vere fint om mange møter opp i Foldnes kyrkje til opptaket kl. 19.15 den 26. mars.

Planlegginga av gudstenestene er såvidt igang, og det vil komme meir informasjon etterkvart.

Fung. sokneprest Bjarte Nese

Døypte

- 01.10. Fjell kyrkje**
Victor Manuel Baselga Baez
- 04.10. Fjell kyrkje**
Matheo Skarholm
- 05.10.2014 Landro kyrkje**
Isabella Camille Sical Einarsen
- 05.10. Foldnes kyrkje**
Matias Myhrvold Engelsen
Live Marie Friis
Patrick Helland Garmann
Marius Helland Garmann
Theodor Pamer-Andersen
- 12.10. Fjell kyrkje**
Lucas Arnesen Eliassen
Emil Heggøy Herdlevær
Elise Lie Øxnevad-Gundersen
- 19.10. Foldnes kyrkje**
Magnus Alræk
Issac Pamer McIntyre
Kaspian Wolff Næss
- 19.10. Sund kyrkje**
Tia Adelen Grønnerud Fjæreide
- 26.10. Fjell kyrkje**
Mathias Sanden Bjørsvik
- 26.10. Kausland kyrkje**
Håkon Johannesen
- 26.10. Landro kyrkje**
Linnea Adelin Knutsen Leigre
Leah Ødegard Vik
- 26.10. Olsvik kyrkje**
Mathias Nygaard Misund
- 26.10. Fjell kyrkje**
Iselin Johnsen Vindenes
Amanda Holter Aaker
- 01.11. Fjell kyrkje**
Johann Krisander Tvedterås Kvalheim
Chanielle Aadland Lihaug
Oliver Hitsøy Nilsen
Natalie Rio
Nicklas Nygård Sunde
- 09.11. Foldnes kyrkje**
Samuel Ekerhovd-Ottersen
Mia Alice Bratland Hansen
- 09.11. Fjell kyrkje**
Malene Tingvoll Bakkedal
Olav Ekeland Glesnes
Bjørnar Jacobsen

Døde

Paul Sigvard Rossnes	1928
Diana Smith-Husa	2014
Ellen Edit Dyrøy	1930
Betsy Andrea Søreiede	1918
Målfrid Aslaug Midttveit	1934
Aleksander Marøy Pedersen	1984
Aslaug Oliva Johansen	1933
Bjørn Sivertsen	1939
Terje Solberg	1969
Anna Olina Ekerhovd	1929
Gunhild Mathilde Hagenes	1914
Jostein Rinde	1933
Berit Kristine Bildøy	1948

Vår Herre Jesus Kristus seier: «Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så dør. Og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æve ikkje døy.»

Joh. 11,25-26

Vigde

- 04.10. Fjell kyrkje**
Grace Cathrine Lien og Daniel Skarholm
- 18.10. Fjell kyrkje**
Victoria Nesse og Eduardo Nunes





Leirstedet til Midthordland Indremisjon

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40


Fjell-ly leirsted
Møvikvn.193, 5357 FJELL. www.fjell-ly.no



Lenes Bakeri & Catering

Koldtbord m/hjemmebakt ass. brød pr. kuvertkr. 175,-
Luxussnitterkr. 18,-
Hvit dame 15 personer.....kr. 300,-


Gratis tilkjøring
Bestilling på tlf. 56 33 44 10 / 56 33 33 10



BYGGESELSKAPET A/S

5357 FJELL

Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203
Fax. 56 32 08 75



-din el-kontakt

VESTGAR ELEKTRO

Westland Elektro AS har fusjonert med Vestgar Elektro AS

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit
T: 400 30 210 • E-post: post@vestgarelektro.no • www.vestgarelektro.no

- Snitter
- Koldtbord
- Varm mat
- Overtidsmat
- Kaker

Tlf. 56 33 11 50

Royal Cateringservice as



Annonse plass?

Kyrkjeblad for Fjell kjem i postkassa til alle i Fjell kommune 5. gonger i året.

Dersom du vil nå breitt ut, kan vi hjelpe deg med annonseplass.

Ta kontakt for et tilbod!
Tlf. 56 32 38 70 eller margit@apelthunhouse.com

Adventsleir på Fjell-ly

Helgen 5.-7. desember inviterer vi til leir for alle generasjoner på Fjell-ly. Vi har fokus på advent- og julebudskapet, og vi bruker tid sammen på kjekke hobbyaktiviteter og pepperkakebaking. Ta med deg barn eller barnebarn og bli med på en innholdsrik helg!

For mer info se www.mi-imf.no

Arr: Midthordland Indremisjon

Gravferdsannonser

Sotra Omegn BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 2, 5353 Straume
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)



Bergen Omegn BEGRAVELSEHJELP POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv


Knut Helge Polden


Espen Polden


Tom Wilson


Heine Polden

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sarfor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Bjørøvin BEGRAVELSESBYRÅ

Gravferd slik pårørende ønsker det. Verdighet. Omtanke. Lavere priser.

DØGNVAKT 55 20 23 00

Solstrands Begravelsesbyrå

Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet





Besøksadresse: Tytebærbrekko 2, Straume

Sentralbord: 55 09 74 40

Epost: post.kyrkja@fjell.kommune.no

VESTHORDLAND PROSTIKONTOR

Prost: Erling Kopperud, 55 09 74 42 – 90 85 89 39
epost: erling.kopperud@fjell.kommune.no

Prostiprest: Helge Unneland 911 23 612
epost: unnel@online.no

Prosteseekretær: Ingjerd H. Johansen 55 09 74 43

FJELL KYRKJEKONTOR

For kontakt med prest i Fjell: kvardagar frå kl 09.00-15.00

55 09 74 40 / 93 41 46 22

elles ring beredskapstelefon i prostiet: 95 48 36 55

ADMINISTRASJON

Kyrkjevevjer: Annlaug Børve 55 09 74 48 / 47 30 45 30

epost: annlaug.borve@fjell.kommune.no

Ass. kyrkjevevjer: Borghild Hustad Berge

55 09 74 45 – 99 70 69 42

epost: borghild.berge@fjell.kommune.no

Sekretær: Gerd Fjeld Andersen 55 09 74 40

Kontorsekretær: Anne-Kari Vik 55 09 74 63

epost: anne-kari.vik@fjell.kommune.no

PRESTAR

Fung. sokneprest: Bjarte Nese 55 09 74 52

epost: bjarte.nese@fjell.kommune.no

Seniorprest: Godtfred Haugland 55 09 74 51

Kapellan: Petter A. Ekerhovd-Ottersen 55 09 74 46

Ungdomsprest: Maria Tveten 55 09 74 60

DIAKONI

Soknediakon: Torbjørn Fjøren

55 09 74 47 - m. 92 29 53 77

epost: torbjorn.fjoren@fjell.kommune.no

Ungdomsdiakoner Basecamp 55 09 74 58

– Nils Ivar Honningdal 99 46 88 70

UNDERVISNING

Kateket: Mildred Fjøren Heggernes 55 09 74 49

epost: mildred.heggernes@fjell.kommune.no

Kateket/ t-teamsleiar: Rannveig Vestbøstad Vik 55 09 74 61

epost: rannveig.vik@fjell.kommune.no

Kyrkjelydsped. / t-team: Elisabeth M. Jung 55 09 74 62

Kyrkjelydsped. / t-team: Astrid A. Myskja 55 09 74 53

Ungdomsarbeidar Kristine Rykkje Hopland 55 09 74 54

Ungdomsarbeidar Trygve Austeng 55 09 74 54

Følg oss på facebook:

www.facebook.com/groups/147818912015549/

KYRKJEMUSIKK

Kantor: Olav Sørheim 56 33 25 01

epost: olav.sorheim@fjell.kommune.no

Organist i Foldnes: Endre Dävøy 56 32 41 90

Organist i Landro: Eline Olsen 90 60 53 32

DRIFT

Driftsleiar: Norvald Snekkevik 55 09 74 55 – 93 07 07 41

epost: norvald.snekkevik@fjell.kommune.no

Kyrkjegardsarb.: Torstein Vassnes 40 84 50 17

Kyrkjegardsarb.: Lorentz Andreas Skumsnes 90 07 21 29

Lærekandidat: Vegard Lynglund

Kyrkjetenarar i Fjell: Ingalis A. Malmo 56 33 25 01

Kyrkjetenar i Foldnes: Ellen Ebbesvik 56 32 41 90

Kyrkjetenar i Landro: Ingjerd H. Johansen 55 09 74 43

FJELL SOKNERÅD

Soknerådsleiar: Dag Olav Bjørøy 917 51 706

Kyrkjelydsutvalet i Fjell:

Anne Elisabeth Hornnes 913 87 733

Foldnes kyrkjelydsutval:

Torhild Smith Wiker 926 54 475

Kyrkjelydsutvalet i Nordre Fjell:

Tove Karin Lyngsmo Angeltveit 995 90 448

www.fjell-kyrkjelyd.no

www.t-dagen.no

www.basecamp-sotra.no

Kontakt med prest i Fjell

Ved behov for teneste frå prest, som ikkje kan vente (feks dødsbod, soknebod for døyande, sjelesorg/ støtte i kritiske situasjonar), skal ein ta kontakt med:

På dagtid tlf. 55 09 74 40 / m. 93 41 46 22

Beredskapstelefon i prostiet

I tidsrommet kl 17.00-08.00 på kvardagar og i helgane/høgtidene frå kl 08.00, er det alltid ein prest i beredskap i prostiet.

Vakthavande prest på telefon: m. 95 48 36 55

Sjelesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med nokon av oss på eit av desse telefonnummera:

Seniorprest Godtfred Haugland	tlf. 55 09 74 51 (a)
Fung. sokneprest Bjarte Nese	tlf. 55 09 74 52 (a)
Kapellan Petter A. Ekerhovd-Ottersen	tlf. 55 09 74 46 (a)
Ungdomsprest Maria Tveten	tlf. 55 09 74 56 (a)
Soknediakon Torbjørn Fjøren	tlf. 55 09 74 47, m. 92 29 53 77
Ungdomsdiakon Nils Ivar Honningdal	tlf. 55 09 74 58, m. 99 46 88 70



T1-dag med Baby Song

Bli med og syng gamle og nye barnesongar!

T1 www.t-dagen.no

Velkomen til alle som er døypte dei tre siste månadene. Vi serverer lunsj. Velg den T1-dagen som passar best:

- 8. des. kl. 10.30 – 12.30: Landro
- 12. jan. kl. 10.30 – 12.30: Foldnes
- 2. feb. kl. 10.30 – 12.30: Fjell
- 9. mars kl. 10.30 – 12.30: Landro

Påmelding: www.t-dagen.no
Telefon: 55 09 74 62

Ny på Sotra?

Her er nokre av samlingane og aktivitetane du kan bli med på i kyrkjene i Fjell. Du er hjarteleg velkommen!

Foldnes kyrkje:

Gudsteneste – dei fleste søndagar, kl. 11.00.

Søndagsskule – under gudstenestene (når det ikkje er familiegudsteneste). Kontakt: Maria Wergeland

Treff – i kyrkjelydssalen første onsdag pr. mnd. kl. 11.30 - 14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik 56 32 41 90

Bibel, bøn og lovsong. Sisten søndag kvar månad kl 18.30.

Kontakt: Petter Ekerhovd-Ottersen 55 09 74 46

Lukas Tensing – Måndagar frå kl. 18.30 i kyrkjerommet. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 60

Ungdomslaurdag – i Vestfløyen frå kl. 19.00 og utover, for deg som går i 9. klasse og oppover. Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 60

KM Kluzz – annankvar tysdag kl. 16.30 til 18.45. For heile familien!

Kontakt: Rannveig Vestbøstad Vik 55 09 74 61

Mannsgruppa. Kyrkjelydssalen i Foldnes ein torsdag i månaden.

Kontakt: Bjørn Andersen 908 92 950

Fjell kyrkje:

Gudsteneste – dei fleste søndagar, kl. 11.00.

Tweensklubben – i Fjell kyrkje fredagar kl. 19.00-21.00. For deg som går i 5. kl. og oppover. Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 60

Søndagsskule – under gudstenestene (når det ikkje er familiegudsteneste). Kontakt: Torun Svennevik, 976 71161

Retreatkveldar – Ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og enkel kveldsbøn. Kontakt: Terje Aannerød

Gjenbrukskveld – ein måndag i månaden. Frå kl. 19.00 i kyrkjelydssalen. Ta med gammalt tøy og sy nye skattar.

Vokalensemblat Sotra Reviderte. For alle som vil synge i a-capellakor, tysdagar kl.19.00-21.30. Kontakt: Jarle Hauge 482 84 287

Fjell kyrkjebrass. Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag på oddetallsveker kl.20.00-21.30. Kontakt: Olav Sørheim 926 15 988

Fjell barne- og tweenskor. Annankvar tysdag på oddetallsveker. 1.-4.klasse 17.30-18.30. 4.-6.klasse 18.00-19.00.

Kontakt: Kari Mortensen 411 22 323.

Landro kyrkje:

Gudsteneste – dei fleste søndagar, kl. 11.00.

Onsdagsmøte - i kyrkjelydssalen kl. 19.30, ein gong i månaden. Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Torbjørn Fjøren 55 09 74 47

Taco-fredag – ein gong pr. mnd. kl. 17-19, første gong 26. september. Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52


Nordre Fjell barnekor – for deg som går i 1.-3. klasse, tysdagar kl. 17.30-18.40. Kontakt Eline Olsen 906 05 332

Nordre Fjell Tweenskor – for deg som går i 4.-7. klasse, tysdagar kl. 18.00-19.15. Kontakt: Eline Olsen 906 05 332

Treff i Landro – siste onsdag pr. mnd. kl. 11.30-14.00. Kontakt: Ellen Ebbesvik 56 32 41 90

Landroklubben – i kyrkjelydssalen fredagar kl. 18.30-20.00. for deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52

For meir info og mailadresser, gå inn på www.fjell-kyrkjelyd.no



Så tenner vi
et lys i kveld,
vi tenner det
for glede.
Det står
og skinner
for seg selv,
og oss
som er
tilstede.

**Vannrett:**

1. Fin
4. Høgtid
7. Jentenev
9. Nedbør
10. Dina Nordvik
11. Guttenev
12. Fugl
14. Rekke
15. Fred
16. Kvit haletipp
19. Flotte
20. Stein Thorsen

Loddrett:

1. Lørdagsmiddag
2. Omsorg
3. Land
4. Verdens Frelsar
5. Mirakel
6. Hovedstad
8. Frelsar
13. Stopp på Bergensbanen
17. Vidar Eriksson
18. Øk

JULE-KRYSSORD

Bli med i trekninga av en stor valgfri PEPPE'S PIZZA! Send inn kryssord til Fjell kyrkjekontor, PB 184, 5342 Straume. Merk konvolutt: «Kryssord»



Vinnar av Barnekryssord
i nr. 5 2014:
Patrick Solsvik
Ingebrigsdalen 48
5360 Kolltveit

Navn:.....

Adresse:.....

.....